

Retningslinjer for Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)

Sula kommune 2026-2029



Foto: Arkiv – Sula kommune

Innhald

1. Føremål og bakgrunn.....	2
2. Generelle Vilkår	3
3. Miljøutfordringar og status i Sula kommune	4 og 5
4. Tiltaksgrupper	6 og 7
Kulturlandskap / verdifulle jordbrukslandskap	6
Biologisk mangfald	6
Kulturminne og kulturmiljø.....	6
Friluftsliv og tilgjengelegheit.....	6
Forureiningstiltak	7
Avrenning til vatn	7
Utslepp til luft.....	7
Plantevernmidlar	7
Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt	7
5. Prioriteringar og satsar	8
6. Satsar eige arbeid/utstyr	8
7. Kriterium og sjekklister for tiltak	9 og 10
8. Søknadsfrist og handsaming	11



Foto: Monika Therese Tranvåg

1. Føremål og bakgrunn

SMIL-ordninga skal:

- ta vare på natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap.
- redusere forureining frå landbruket.

Tilskotet er eit eingongstilskot til **tiltak som går utover det som kan forventast gjennom vanleg jordbruksdrift**. Ordninga er heimla i forskrifta om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL): «.. Ordninga skal bidra til at det blir gjennomført miljøtiltak utover det som kan forventes gjennom vanlig jordbruksdrift. Med miljøtiltak menes tiltak som skal ivareta natur- og kulturminneverdier og/eller redusere forurensning. Å følge lovpålagte krav som gjelder kulturlandskap eller forurensning, regnes som en del av den ordinære jordbruksdriften, og skal ikke prioriteres for SMIL-tilskudd. Kommunen må vurdere hvilke miljøverdier, som normalt ivaretas gjennom vanlig drift, og hvilke miljøverdier som skal omfattes av denne ordningen. Tiltak som skjøtsel og drift av arealer som følger av normal bruk av arealene til avling og alminnelig jordarbeiding knyttet til eksisterende drift, vil i hovedsak ikke være berettiget tilskudd etter denne forskriften. Det er først og fremst tiltak som innebærer en ekstra innsats utover dette, og som det er forbundet særlige kostnader med, som er berettiget tilskudd. Dette kan gjelde omlegging til, eller videreføring av, en driftsform som er egnet til å ivareta spesielle miljøverdier».

Verkeområde:

Ordninga gjeld prosjekt og tiltak på landbrukseigedomar (jf. Jordlova §12) og i område verna etter naturmangfaldlova og kulturminnelova. (Forskrifta §§ 1-2).

Kommunen si rolle:

- Kommunen fastset lokale prioriteringar og retningslinjer i dialog med Statsforvaltaren og landbruksorganisasjonane.
- Retningslinjene kan ikkje endre føremål, vilkår eller verkeområde etter forskrifta.
- Planen vert administrativt godkjent og skal rullerast kvart 4. år.

2. Generelle vilkår

Kven kan søkje

- Søkar må vere eigar eller leigetakar av landbrukseigedom.
- Det må gå føre seg tilskotsberettiga jordbruksproduksjon på eigedomen (jf. PT-forskrifta).
- Både privatpersonar og føretak kan søkje. Dersom søknaden skjer gjennom føretak:
 - Føretaket må vere registrert i Einingsregisteret.
- Eigar kan søkje sjølv om eigedomen er leigd bort, dersom det framleis er tilskotsberettiga produksjon på eigedomen.
- Gjødslingsplan skal vere utarbeidd i tråd med gjeldande forskrift om gjødslingsplanlegging.

Krav til tiltak:

- Tiltak må gå ut over ordinær drift/vedlikehald og ikkje vere lovpålagt.
- Tiltak skal ha ein klar miljøeffekt og krevje ekstra innsats og kostnad.
- Tiltak som er starta eller utført før søknad, blir normalt ikkje innvilga.

Definisjonar og avgrensingar:

- Gamal kulturmark: Areal forma gjennom tradisjonell drift (slått, beiting, styving, brenning) utan moderne jordarbeiding og gjødsling. Tilskot kan gjevast til skjøtsel og restaurering av slike areal.
- Etablering av beite i skog/utmark som ikkje er gamal kulturmark er ikkje SMIL-tiltak. Slike tiltak kan vurderast under ordninga «Tiltak i beiteområde».
- Det blir normalt ikkje gitt tilskot til inngjerding på dyrka jord som er i aktiv drift.
- Restaurering / skjøtsel av areal som har mottatt produksjonstilskot dei siste 10 åra blir normalt ikkje innvilga.

Tilskot vs. anna lovverk

Innvilging av SMIL-tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjent etter anna lovverk. Søklar har sjølv ansvar for å innhente naudsynte løyver før tiltaket blir gjennomført.

Dette kan til dømes gjelde:

- Plan- og bygningslova
- Kulturminnelova
- Naturmangfaldlova
- Vassdragslova
- Forureiningsforskrifta

Tiltak kan ikkje starte før relevante godkjenningar ligg føre.

Samordning med RMP (Regionalt miljøtilskot):

Investeringar gjennom SMIL bør i størst mogleg grad følgast opp med årlege skjøtselstiltak via RMP/Regionalt miljøtilskot (t.d. vedlikehald av fangdammar). Dette sikrar varig miljøeffekt og betre ressursbruk.

3. Miljøutfordringar og status i Sula kommune

Sula kommune har eit variert kystlandskap med spreidd jordbruksdrift, særleg knytt til grasproduksjon og beitebruk. Kommunen har fleire registrerte naturtypelokalitetar av høg verdi, mellom anna kystlynghei, slåttemark, naturbeitemark, edellauvskog, kystmyr og strandenger. Desse naturtypane er forma gjennom langvarig bruk som slått, beiting eller anna tradisjonell drift, og mange krev aktiv skjøtsel for å sikre naturverdiane og kulturlandskapet.

I område nær jordbruksdrift må det takast omsyn til avrenning og kantvegetasjon, og SMIL-tiltak kan vere aktuelle når dei støttar skjøtsel eller tiltak som reduserer påverknad på vassmiljøet.

Kommunen har òg ein registrert lokalitet med naturbeitemark (semi-naturleg mark) i tettstadsnære sone. Slike areal er trua naturtypar som krev rydding, restaurering og beiting for å oppretthalde naturverdien, og kan vere aktuelle for SMIL-tiltak når det ligg føre behov for skjøtsel.

Desse naturtypane kan vere aktuelle for SMIL gjennom skjøtsel, rydding, beiting, kulturminnetiltak eller forureiningstiltak som styrkar vegetasjonssoner og hydrotekniske løysingar.

Lokale utfordringar framover

- Attgroing av kystlynghei, naturbeitemark og slåttemark på grunn av redusert beite og endra drift. Dette svekkjer biologisk mangfald og kulturlandskapsverdiar.
- Utbredelse av framande artar som platanlønn, sitkagran og lupin, særleg i strandsona, edellauvskog og i kystlynghei.
- Erosjon og avrenning frå jordbruksareal – Sula har fleire jordbruksnære vatn, våtmarker og bekkedrag der avrenning, erosjon og manglande kantvegetasjon kan påverke vassmiljøet. I slike område er tiltak som hydroteknisk utbetring, styrking av kantsoner, fangdammar og vegetasjonssoner særst viktige.

Kulturmiljø og kulturlandskap

Mange eldre kulturspor finst i jordbrukslandskapet i Sula: steingardar, gamle stigar, beitemarker, slåttemarkssystem og bygningar knytte til fiskarbondetradisjonen. Når desse tiltaka gjev klar miljøeffekt og går ut over vanleg drift, kan dei støttast gjennom SMIL-ordninga.

Våtmark, vassmiljø og forureining

Sula har mange vatn, myrer og våtmarker nært jordbruksareal. Viktige utfordringar er:

- Manglande kantsoner.
- Erosjon og avrenning til vatn, sjø og våtmark.
- Dreneringssystem som ikkje toler klimaendringar.
- Beite og ferdsel nær våtmark og bekkestreng.

Hydrotekniske tiltak, bevaring av kantsoner, fangdammar og vegetasjonssoner er særleg relevante.


Oppsummering

Sula kommune har mange verdifulle natur- og kulturlandskap som krev aktiv skjøtsel. Dei viktigaste relevante utfordringane er:

- Skjøtsel av kystlynghei og naturbeitemark.
- Å halde slåttemark og beitelandskap i hevd.
- Tiltak for å redusere erosjon og avrenning i jordbruksnære område.
- Bevaring av kulturmiljø knytt til jordbruket.
- Hydrotekniske tiltak og styrking av kantsoner.

SMIL-midlane er viktige for å støtte arbeidet med å ta vare på kulturlandskapet, redusere påverknad på vassmiljøet og skjøtte trua naturtypar i Sula kommune.

Kart over Sula kommune med temalag frå Naturbase. Kartet viser naturvernomsråde (raude skraverte felt) og utvalgte og verdsatte naturtyper (gule, oransje og brune område). Desse områda er viktige hensyn ved planlegging og prioritering av SMIL-tiltak. Kartet gir eit visuelt grunnlag for å identifisere område der tiltak kan ha størst miljøeffekt.



[Naturbase kart](#)

4. Tiltaksgrupper

Kommunen skal nytte innsynsløysingar som Gårdskart, Kilden, Vann-nett, Naturbase og Artsdatabanken m.fl. som støtte for å prioritere område med høg natur- og kulturlandskapsverdi. Tiltak utanfor kartlagte område kan òg bli prioriterte dersom dei har stor miljøeffekt.

Nedanfor er det lista eksempel på tiltak som kan får SMIL-tilskot dersom dei går utover vanleg drift og vedlikehald, og har ei klar miljøeffekt. *Lista på eksempel er ikkje uttømande.*

Verdifulle jordbrukslandskap

Jordbrukspåverka område med kulturlandskapsverdiar skapt av langvarig tradisjonell drift.

Aktuelle tiltak: istandsetting, skjøtsel og vedlikehald.

- Skjøtsel av biologisk verdifulle areal og betring av status for trua artar.
- Restaurering av slåtteenger, naturbeitemark og andre utvalde naturtyper.
- Fjerning av piggråd og gamle gjerder for tryggleik, beitedrift og betre tilgjenge (*sjå presisering om fjerning av gjerde på side 10*).

Biologisk mangfald

Tiltak som tek vare på gamal kulturmark og viktige leveområde for plantar og dyr. Gamal kulturmark er forma av slått, beiting eller anna tradisjonell drift, utan moderne jordarbeiding og gjødsling.

Aktuelle tiltak:

- Restaurering og skjøtsel av slåttemark og naturbeitemark som er i ferd med å gro att.
- Tiltak som tek vare på leveområde for trua og kravfulle artar knytt til kulturlandskap, edellauvskog og kystnære naturtypar.
- Bruk av elektroniske klavar i særlege høve for å ta i bruk attgrodde område der tradisjonell inngjerding er vanskeleg eller uheldig av omsyn til landskap og friluftsliv.

Kulturminne og kulturmiljø

Skjøtsel, vedlikehald og istandsetting av kulturminne og kulturmiljø som ein del av jordbruket sitt kulturlandskap, i tråd med kulturminnefaglege prinsipp (*sjå kapittel 7*).

Aktuelle tiltak:

- Istandsetjing av bygningar knytt til jordbruksdrift og fiskarbondetradisjonen, som naust, løer, stabbur, kvernhus og sommarfjøs.
- Skjøtsel og restaurering av gamle steingardar, skigardar og andre landskapselement.

Kommunen vil prioritere tiltak med høg kulturhistorisk verdi og tydeleg verknad i landskapet, og der kulturminna framleis inngår i eit aktivt eller lesbart kulturlandskap. *Tiltak skal samordnast med kulturminnemyndigheitene der dette er relevant. Andre tilskotsordningar kan også vere aktuelle.*

Friluftsliv og tilgjengelegheit

Tiltak som legg til rette for ferdsel og naturopplevingar i jordbruksprega landskap, og som bidreg til å halde verdifulle område opne for allmennheita, utan å hindre landbruksdrift.

Tiltaka bør i utgangspunktet ikkje omfatte turveggar og stiar i skog og utmark.

Aktuelle tiltak:

- Rydding og enkelt vedlikehald av stiar gjennom jordbrukslandskapet.
- Gjerdeklyv, grinder og anna tilrettelegging for ferdsel der dette kan redusere konflikhtar mellom beitebruk og friluftsliv.

Forureiningstiltak

Tiltak som bidreg til å redusere forureining eller risiko for forureining frå jordbruket. Tiltaka må ikkje kome i konflikt med viktige naturverdiar eller kulturminne. Søkjar bør vurdere å kontakte fagleg kompetanse ved behov.

Aktuelle tiltak:

- Utbetring og supplering av hydrotekniske anlegg (utover vanleg vedlikehald).
- Tiltak for å redusere erosjon og avrenning (vegetasjonssonar, kantsonar, fangdammar, våtmarker).
- Våtmarksområde, reinseparkar og styrking av vegetasjonssonar.
- Miljøplantingar som motverkar ureining og stabiliserer kantsonar.

Merk: Vanleg grøfting/drenering av jordbruksareal fell utanfor SMIL, men kan søkjast under ordninga «Drenering av jordbruksjord».

RMP-tilskot kan gjevast til årleg vedlikehald av fangdammar.

Utslepp til luft

Tiltak som reduserer utslepp frå gjødselhandtering er viktige i klimaarbeidet og blir vurderte på lik linje med andre SMIL-tiltak.

Aktuelle tiltak:

- Etablering av dekke over eksisterande gjødsellager for å redusere utslepp til luft.

Plantevernmidlar

Tiltak som reduserer risiko for tap av plantevernmidlar og forureining til jord og vatn. Desse blir vurderte på lik linje med andre forureiningstiltak.

Aktuelle tiltak:

- Investeringar som biobed ved påfyllingsplassar.
- Tiltak som reduserer risiko for avrenning frå vaske- og påfyllingsområde.

Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt

Prosjekt som legg grunnlag for større heilskaplege miljøtiltak i grender, beiteområde, vassdrag eller landskap.

Prosjekta skal munne ut i konkrete tiltak som bidreg til:

- Betre skjøtsel av kulturlandskap.
- Redusert forureining.
- Eller styrkt samanheng i område med høge natur- og kulturminneverdiar.

5. Tiltakskategoriar og satsar

Prosentsatsane gjeld del av godkjent kostnadsoverslag. Prioriteringa er rettleiande. Kommunen vil gjere ei samla vurdering av søknadane, og tiltak med stor miljøeffekt kan bli prioritert høgare uavhengig av rangering. Tiltak med stor og varig miljøeffekt og synleg resultat i kulturlandskapet blir prioriterte høgast. Lista er ikkje uttømande.

Prioritet	Tiltakskategori med formål	Tilskot SMIL	Andre tilskotsordningar
1	Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt Skal legge grunnlag for heilskaplege miljøtiltak i t.d. ei grend, eit beiteområde, eit vassdrag eller eit landskapsområde.	Inntil 100%	
1	Hydrotekniske tiltak og økologiske reinsettak Skal redusere erosjon/avrenning, og betre vassmiljø. Døme: Reperasjon av avskjeringsgrøfter, reinsking og rydding langs opne kanalar, etablering av fangdam m.m.	Inntil 70%	Vanleg grøfting/drenering: «Drenering av jordbruksjord». Vedlikehald av fangdammar: RMP/Regionalt miljøtilskot.
1	Beitetiltak i gammal beite- og slåttemark samt kystlynghei og utvalde naturtyper Hindre attgroing og ta vare på biologisk mangfald. Restaurering og rydding av beite for klargjering for beitedyr i etterkant, herunder brenning av kystlynghei.	Inntil 70%	Varige skjøtseltiltak: RMP/Regionalt miljøtilskot
2	Skjøtsel og restaurering av bygningar og kulturminne Ta vare på kulturhistoriske verdiar og landskap. <i>(For tiltak som gjeld private bygningar – normalt inntil kr 150.000 per år per bruk. Sjå kapittel 7).</i>	Inntil 50%	Skjøtsel av kulturminne: RMP / Regionalt miljøtilskot
3	Ferdseltiltak Tiltak som legg til rette for ferdsel gjennom jordbruksareal, utan å hindre drifta. Døme: Gjerdeklyv, grinder og anna enkel tilrettelegging for ferdsel der dette f.eks. kan styrke samspel mellom beitebruk og friluftsliv.	Inntil 50%	
4	Digitale gjerder (ved særlege høve) (t.d. i kløvland, bratt terreng, store utfordrande areal, naturtypar med verneinteresser) <i>Sjå kriterium for tilskot til digitale gjerder på side 10.</i>	Inntil 50% - Maks 15000 kr per søkjar	Tilskot til digitale gjerder vert prioritert under «Tiltak i beiteområde» som fellestiltak for beitelag / grunneigarlag.
4	Fjerning av gamle metallgjerder (piggtråd /nettinggjerde) Sjå kriterium for fjerning av gamle gjerder på side 9.	2200 kr for oppstart + 11 kr per m.	

6. Rettleiande satsar for eige arbeid / utstyr:

Satsar for eigen innsats (Satsane er henta frå Innovasjon Norge, og vert årleg revidert)	
Verdi per time eigeninnsats	Kr 400
Verdi per time, eige arbeid med motorsag	Kr 435
Verdi per time bruk av eigen traktor	Kr 800
Verdi per time bruk av eigen gravemaskin med førar	kr 800

Eigeninnsats skal dokumenterast med timelister (dato, oppgåve og namn på utførar).

Det skal ikkje bereknast mva på eigeninnsats. Satsane blir revidert årleg i tråd med regionale rettleiingar.

7. Kriterium og sjekklister for tiltak

Generelle kriterium

- Tiltaket skal gå utover vanleg drift og vedlikehald.
- Tiltaket må ha ein klar miljøeffekt.
- Tiltaket må ikkje vere lovpålagt.
- Tiltaket må vere i tråd med SMIL-forskrifta, kommunen sine retningslinjer og anna relevant lovverk.
- Tiltaket skal ikkje kome i konflikt med viktige naturverdiar, kulturminne eller verneområde.
- Tiltaket skal ha eit kostnadsoverslag basert på dokumenterte prisar, tilbod eller fagleg vurdering av arbeidsomfang og materialbruk.
- Tiltaket skal ha kart og foto som viser situasjonen før tiltak.

Kriterium for dei ulike tiltakstypene

Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt

- Skal omfatte fleire eigedomar eller eit større område, og leie fram til konkrete fellestiltak.
- Prosjektet må ha kartgrunnlag og ei skildring av planlagde tiltak.
- Skal involvere aktuelle grunneigarar og dokumentert samarbeid.

Hydrotekniske tiltak og økologiske reinsketiltak

- Tiltaket skal vere grunngjeve med dokumentert behov, og beskrive korleis det vil betre vassmiljøet.
(erosjon, avrenning, oversvømming).
- Kart og foto må følgje av søknaden.
- Tiltaket skal ikkje føre til skade på naturtyper eller naturmangfald.
- Vanleg grøfting/drenering skal søkjast under «Drenering av jordbruksjord».

Beitetiltak i gammal beite- og slåttemark, kystlynghei og utvalde naturtypar

- Arealet skal vere ein naturtype som krev skjøtsel.
- Omfanget må stå i forhold til arealets tilstand og vere dokumentert gjennom skildring og foto.
- Hindre attgroing og oppretthalde naturtypen (fjerne kratt, gjenopprette beite, slått).
- Tiltaket skal ikkje skade naturmangfald eller kulturminne.

Fjerning av gamle metallgjerder (piggtråd / nettinggjerde)

Fjerning av piggtråd er i utgangspunktet eit ansvar for grunneigar gjennom vanleg gjerdehald, jf. Dyrevelferdslova. Det vert normalt **ikkje** gitt SMIL-tilskot til fjerning av piggtråd eller nettinggjerder på eigedomar med aktiv jordbruksdrift der gjerdehaldet er grunneigar sitt ansvar.

Det skal ligge føre **gode faglege grunnar** for at fjerning av gjerder skal få tilskot:

- Der eigarforhold eller ansvarsforhold er uklare.
- Der piggtråd er forlaten eller ligg i kulturlandskapet.
- Der fjerning legg til rette for ferdsel, beite eller skjøtsel av viktige naturtypar.

- For fellestiltak i områder.
- Kart, trasè og foto før/etter skal følge søknaden.

Kulturminne og kulturmiljø

- Tiltaket må følge kulturminnefaglege (antikvariske) prinsipp. Desse prinsippa inneber å ta vare på opphavlege element, gjere minst mogleg endringar, og bruke tradisjonelle material og handverksteknikkar. (Freda bygningar er ikkje omfatta av SMIL-forskrifta).
- Tilstandsvurdering og tilstandsrapport frå fagperson bør føreligge, og kan krevjast av kommunen.
- Kostnadsoverslag skal setjast opp av fagperson ved restaurering av bygningar.
- Tiltak med høg kulturhistorisk verdi og synleg effekt i kulturlandskapet blir prioriterte.
- For tiltak på private bygningar blir det normalt gitt inntil kr. 150.000 per år per bruk. Ved fellestiltak eller tiltak som inngår i større kulturmiljø kan kommunen vurdere høgare tilskot.

Ferdsestiltak i jordbrukslandskap

- Tiltaket skal vere allment tilgjengeleg og ikkje hindre landbruksdrift.
- Prioritet til område med høg verdi for friluftsliv eller kulturmiljø.
- Tiltaket skal vere knytt til jordbrukslandskapet, og ikkje reint friluftstiltak.

Digitale gjerder (ved særlege høve)

- Gjeld beiteområde der fysiske gjerder er krevjande å få til eller uønska av miljøomsyn.
- Areal med produksjonstilskot er ikkje omfatta, og arealet skal ikkje ha vore i aktiv bruk på lang tid.
- Dokumentert utfordring med tradisjonelle gjerder (terreng, storleik, verneinteressar).
- Klavar skal nyttast i minst 3 år på omsøkt areal, og eigar forpliktar seg til vedlikehald av systemet.
- Tilskot kan gis til innkjøp av klavar (ikkje drift/abonnement).
- Prioritert der det er særleg behov for beitepleie (brattlendt terreng, verdsette naturtypar).

Ved vurdering av tilskot skal gode løysingar for beitedrift vere førande, med friluftsliv og allmenn ferdsel som tilleggshensyn. Digitale gjerder skal medverke til å styrke samspelet mellom beitebruk og friluftsliv og bevare opplevingsverdien i landskapet

Sjekkliste før du søker

Før du sender inn søknaden må du sikre at:

- Kart over omsøkt areal er vedlagt
- Foto av området før tiltak er vedlagt
- Kostnadsoverslag (inkl. eigeninsats) er lagt ved
- Nødvendige løyver (t.d. frå kulturminnemyndigheit eller grunneigar) er innhenta.
- Tiltaket går utover vanleg drift.
- Tiltaket har ein tydeleg og beskriven miljøeffekt (t.d. redusert avrenning, betre naturtilstand eller bevaring av kulturminne).



Utsikt frå Sulafjellet - Foto: Sissel Flagestad

10. Søknadsfrist og handsaming

Søknadsfristen er 1. april.

Ein kan søkje fortløpande utover året etter fristen. Søknadar som kjem inn innan fristen vert prioritert. Søknadar som kjem inn etter fristen vert handsama så lenge ein har ledige midlar etter hovudtildelinga.

Frist for gjennomføring av prosjekt / tiltak er 3 år frå tilskotet vart innvilga, med mindre kommunen har sett kortare frist. Mogleg forlenging på 2 år (totalt fem år) etter søknad.

Når tiltaket er gjennomført skal søkjar sende inn utbetalingsanmodning med dokumentasjon. Utbetaling skjer etter kontroll av at tiltaket er i samsvar med vedtak og godkjent plan.

Søknad skjer elektronisk via Landbruksdirektoratet / Altinn:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nn/ordningar/jordbruk/tilskot-til-spesielle-miljotiltak-i-jordbruket-smil>

Her finn du også forskrifta og rettleiing til registrering av søknad.

Kommunen kan gjennomføre synfaring i samband med søknaden:

- Før tildeling
- Under gjennomføring
- Ved sluttdokumentasjon

Sula kommune - Nordre Sunnmøre Landbrukskontor